

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 20.04.05 **Tid:** 08.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 4 , inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
John Magne Bogevik

I staden møtte:
Magda Haugen

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef, ass.adm.sjef. og kommunekasserar. Avd.ing. Steinsland under handsaminga av sak 17/05

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 25. april 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent med tilleggssak 21/05 val av ny revisor. Sak 14/05 vert handsama etter sak 21/05.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Helge Reistad stilte spørsmål om flagging på kommunale bygg på konfirmasjonsdagar, både borgarleg og kyrkjeleg. Det vert flagga på den kyrkjelege konfirmasjonsdagen i år. Utvalet får reglementet til revisjon og nytt gjennomsyn i løpet av hausten.

Elin Liøen stilte spørsmål om det vert bygt nye leiligheiter på Lønnebakken. Adm.sjefen orienterte om at dette arbeidet er under planlegging.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Kontrollutvalet hadde møte i går om den nye revisjonsordninga.

Adm.sjefen orienterte om personalsak i sosialeininga.

Adm.sjefen orienterte om rettsaka på Tysseland. Kommunen vann ikkje fram og bygningen skal ikkje rivast. Kommunen er idømt saksomkostningar. Kommunen har ankefrist til tysdag 26. april. Naturutv. og PØ – utv. meiner kommunen ikkje skal anka saka. Personal - og økonomi utvalet gav ordførar, som kommunen sin juridiske talsmann, mynde til å endeleg avgjere om saka skal ankast. Det skal avhaldast eit rådgjevande møte 21.04.05 med Fylkesmannen og adv. Heldal.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0014/05	05/00042 GJENNOMGANG AV SAMNANGER KOMMUNE SOM ORGANISASJON
0015/05	05/00131 KOMMUNEREKNESKAPEN 2004.
0016/05	05/00010 ÅRSMELDING 2004
0017/05	02/00400 FORPROSJEKT FOR SYMJEHALL (BASSENG) VED SAMNANGER UNGDOMSSKULE GODKJENNING OG FINANSIERING
0018/05	04/00382 PRAKTISK BISTAND I HEIMEN - ENDRING I BETALINGSSATSAR
0019/05	05/00107 TILLEGGS LØYVINGAR 2005
0020/05	05/00107 TILLEGGS LØYVINGAR 2005 - VEDLIKEHALD BÅREHUS
0021/05	03/00020 VAL AV NY REVISOR

0014/05

GJENNOMGANG AV SAMNANGER KOMMUNE SOM ORGANISASJON**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Utvalet sette fram fellesframlegg slik det går fram av vedtaket. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret sitt vedtak i sak 40/04 vedrørende forvaltningskontroll av kommunale tenester og ytingar m.v., og med reduksjon av kommunen sine utgifter med 5% vert oppheva. Kommunestyret vedtek at PØ skal arbeida med mål og strategiar for vidare utvikling av kommunen.

Kommunestyret set deretter ned mindre arbeidsgrupper med representantar frå administrasjonen, folkevalde og tillitsvalde til å vurdere dei ulike einingane. Mandatet skal og omfatta vurdering av interkommunalt samarbeid, kjøp/sal av tenester.

0015/05

KOMMUNEREKNESKAPEN 2004.**Handsaming i møte:**

Utvalet drøfta retningsliner for avsetting til og bruk av disposisjonsfond. Dei drøfta kven som skal ta avgjer på kva som skal setjast av og kva som skal brukast når "sluttstreken" skal setjast i rekneskapen. I samband med evt. budsjettjusteringar i juni 2005 vert det også føreteke ei avklaring i høve til disponering av tidlegare års overskot som pr. d.d. ikkje er disponert.

Adm.sjefen orienterte om kontrolluvalet si handsaming av rekneskapen på møtet 19.04.2005. Utvalet gir slik tilråding til kommunestyret: "Kontrollutvalet tek revisjonsmeldinga dagsett 06.04.2005 til etterretning, og tilrår at Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2004 vert godkjent."

Personal- og økonomiutvalet fatta samrøystes vedtak om å godkjenna rekneskapen.

Vedtak:

Samnanger kommune tek Revisjonsmeldinga datert 06.04.05 til etterretning. Kommunerekneskapen for 2004 for Samnanger kommune vert godkjent.

0016/05

ÅRSMELDING 2004

Handsaming i møte:

Utvalet gjekk igjennom årsmeldinga og hadde ikkje merknader til denne.

Kontrollutvalet har handsama årsmeldinga for 2004 i møte 19.04.05. Dei fatta slikt vedtak:

”Kontrollutvalet tek administrasjonen si årsmelding for 2004 til orientering.”

Vedtak:

Samnanger kommune tek årsmeldinga for 2004 til orientering.

0017/05

FORPROSJEKT FOR SYMJEHALL (BASSENG) VED SAMNANGER UNGDOMSSKULE - GODKJENNING OG FINANSIERING

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt til drøfting.

Handsaming i møte:

Magda Hagen sette fram følgjande framlegg: ”Grunna den store auken i kostnadane med rehabilitering av bassenget ved ungdomsskulen vil PØ-utvalet be kommunestyret om å ta ein ny debatt i saka; skal kommunen rehabilitera bassenget på Samnanger ungdomsskule eller skal kommunen satsa på å byggja eit symjehallanlegg ein annan stad i kommunen.”

Brigt Olav Gåsdaal sette fram følgjande framlegg: ”Kommunen rehabiliterer bassenget på ungdomsskulen i tråd med planar frå Asplan Viak og kostnadsoverslag frå same firma dagsett april 2005. Meirkostnaden i høve til avsette midlar i budsjettet vert dekkja ved opptak av eksterne lån (dvs. ikkje ”skulelån”). Saka skal fremjast i kommunestyret sitt første møte, og det skal leggjast stor vekt på å halda framdriftsplanar , dvs. fullført i 2005.”

Det vart røysta alternativt over framlegga. Gåsdaal sitt framlegg vart vedteke med 3 røyster mot at Haugen sitt fekk 2 røyster.

Vedtak:

Kommunen rehabiliterer bassenget på ungdomsskulen i tråd med planar frå Asplan Viak og kostnadsoverslag frå same firma dagsett april 2005. Meirkostnaden i høve til avsette midlar i budsjettet vert dekkja ved opptak av eksterne lån (dvs. ikkje ”skulelån”). Saka skal fremjast i kommunestyret sitt første møte, og det skal leggjast stor vekt på å halde framdriftsplanar , dvs. fullført i 2005.

0018/05

PRAKTISK BISTAND I HEIMEN - ENDRING I BETALINGSSATSAR**Handsaming i møte:**

Personal- og økonomiutvalet fatta samrøystes om nye betalingsattsar.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek følgjande betalingsattsar for praktisk bistand i heimen;

Som betalingsgrunnlag vert rekna **allmen inntekt før særfrådrag frå siste kjende likning**.

For alle brukarar som har inntekt under 2G gjeld ei abonnementsordning for heimetenesta på **kr 150,-**. Pr. måned uavhengig av hjelpeomfanget.

Timepris er **kr 75,-** for under 2 timar hjelp pr. måned.

- For brukarar som har over 2 G i inntekt og som får **mindre enn 4 timar** hjelp i månaden skal det betalast pr. time
- For brukarar som har over 2 G i inntekt og får **4 timar eller meir hjelp i månaden** skal det betalast etter ordning med abonnement, noko som inneber ei fast betaling pr. måned uavhengig av hjelpeomfanget.

Inntekt	Abonnement	Pris pr. time
Under 2 G	150	75
2 – 3 G	449	112
3 – 4 G	800	190
Over 4 G	1150	225

0019/05

TILLEGGSØYVINGAR 2005**Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:” Tilleggsøyvingar 2005.

- ✓ Ras Liavegen kr. 165.000,-.
- ✓ Rettsak byggjesak Tysseland kr. 249.000,-.

Summen på kr. 414.000 vert å ta frå tidlegare års overskot i rekneskapen.”

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Samnanger kommune løyver følgjande tilleggsøyvingar 2005;

- ✓ Ras Liavegen kr. 165.000,-.
- ✓ Rettsak byggjesak Tysseland kr. 249.000,-.

Summen på kr. 414.000 vert å ta frå tidlegare års overskot i rekneskapen.

0020/05

TILLEGGSLØYVINGAR 2005 - VEDLIKEHALD BÅREHUS

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:” Tilleggsøyving 2005 – Vedlikehald bårhus. Det vert løyvd inntil kr. 10.000,- til vedlikehald til bårhus. Pengane vert å ta frå tilleggsøyvingskontoen”
Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Tilleggsøyving 2005 – Vedlikehald bårhus.
Samnanger kommune løyver inntil kr. 10.000,- til vedlikehald av bårhus. Pengane vert å ta frå tilleggsøyvingskontoen.

0021/05

VAL AV NY REVISOR

Handsaming i møte:

Administrasjonssjefen orienterte om saka og om kontrollutvalet si handsaming av denne på møte den 19.04.2005. Kontrollutvalet fatta samrøystes slikt vedtak:

Kontrollutvalet rår kommunestyret å velje Noraudit ANS som revisor for Samnanger kommune, under følgjande føresetnader:

- Avtaleperiode frå 01.10.2005 til 31.12.2007, med vidare opsjon på 1+1 år.
- Fastprisen gjeld ut 2007.

Personal- og økonomiutvalet slutta seg samrøystes til rådet frå kontrollutvalet.

Vedtak:

Samnanger kommune vel Noraudit ANS som revisor for Samnanger kommune, under følgjande føresetnader:

- Avtaleperiode frå 01.10.2005 til 31.12.2007, med vidare opsjon på 1+1 år.
- Fastprisen gjeld ut 2007.